

MENINGER

Snedig med snø

Det blei visst snø i år òg – og han kjem i mange variantar, som laussnø og blautsnø, tørrsnø, finsnø og kramsnø, sludd, slaps og skare, snødrev, snøføyke, snøkav og snøstorm, som snøfnugg, snøflak og kanskje kasta på deg som snøball. Du kjem sikkert på fleire namn på snø sjølv. Det finst utalege samansettingar med «snø», og det finst ein del namn på snø som ikkje inneheld ordet «snø».

Det er ikkje berre inuittane og samane som har mange ord for snø. Vi har mange nok namn på norsk òg. Som regel lagar – eller eventuelt låner – eit språksamfunn dei orda ein har bruk for, for å kunne kommunisere om dei viktige tinga i livet. Nokon bruker visst òg ordet «sastrugi», fleirtal av «sastruga», som er lånt frå russisk og tyder «strømlinjeformede forhøyninger eller riller som dannes på vinderoderte snøflater», som ein kan lese på Wikipedia.

Personleg synest eg eigentleg det er interessant nok at vi har minst tre ulike variantar av sjølve ordet «snø», nemleg «snø», riksmålsvarianten «sne» og «sny», t.d. i Nord-Noreg. På tysk seier ein «Schnee», som ikkje er mykje annleis enn den dansk-norske forma, og på engelsk seier ein «snow». Sidan vi også har dei som har «snøv» eller «snog» i dialekten sin, finst også den forma i norsk (jf. variasjonen torv/torg, have/hage m.fl.).

Slår ein opp i Bokmåls- og Nynorskordboka, ser vi at «snø» er eineform i standardnorsk, men at opphavet var «snjór» eller «snær» i gammalnorsk. Allereie for tusen år sidan var det altså variasjon når det gjaldt

dette ordet. No er det jo først og fremst vokalen som varierer i moderne norsk, og det var det openbert også i gammalnorsk. Ein i- eller j-lyd kunne gjerne føre til at ein vokal blei heva. Ein lang ó ville då bli til ø; og blei ó-en tolka som ein á-variant, kunne den òg bli til æ. Etter at ein slik i- eller j-omlyd hadde verka, kunne i-en eller j-en gjerne falle bort.

I Norrøn ordbok finn ein elles òg sideforma «snjár» for snø, og til verbet «snjóva» hadde ein sideforma «snjáva». Der ser ein også v-en som vi ser som wi engelsk «snow» eller dialektforma «snøv» med varianten «snog».

Begge dei gammalnorske hovudordformene er altså lett å forklare. Med såkalla progressiv i-/j-omlyd blir snjár til snær, og snjór blir til snøer, der ø er teiknet for ein lang ø. R-en var berre ei ending for kasusen nominativ, som vi som oftast kan sjå bort frå når vi prøver å finne ut av gammalnorske ord.

Både sne/snæ og snø er altså former vi ventar å finne i moderne norsk. Når det gjeld forma «sny», kan den ha oppstått på same måte som «snø», dvs. via påverknad frå j-en i snjór; eller den kan ha oppstått via ein såkalla regressiv i-omlyd. Det tyder at det må ha stått ein i-lyd bak den trykkunge vokalen ó, som i så fall må ha hatt kvalitet som ein moderne norsk o eller ein gammalnorsk u. Vokalen u + i resulterer nemleg i y som omlydsprodukt. Sidan endinga for bestemt form hankjønn (moderne norsk -en, altså «snø-en») var -inn i gammalnorsk, stod det faktisk ein i bak rotvokalen. Ein kan elles nemne at presensforma av å snø var «snýr» i gammalnorsk. Forma

FULLT NAVN. Innlegg på trykk skal være signert med fullt navn. Anon underbygges med helt spesielle behov for å være anonym. Du kan www.hamar-dagblad.no. SKRIV KORT. Innlegg som er kortere enn leveres som e-post til mening@hamar-dagblad.no eller SMS til 20

«sny» kan ein altså også vente å finne i norske dialektar.

I Falk og Torp si etymologiske ordbok kan ein lese at gammalhøgtysk hadde forma «snéo», som utan tvil liknar svært mykje på «snjó». Det er berre å prøve å uttale «snéo» litt fort, så blir e-en til ein j-lyd og trykket flyttar seg over på o-en. Angelsaksisk hadde forma «snáw». Sidan den lange germanske a-en gjerne blei til ein å-lyd i fleire germanske dialektar, fekk engelsk «snow». Dette er altså skikkeleg kramsnø der alt heng godt saman.

Den germanske ordstammen var visst *snaiwa-/*snaigwa. Så eigentleg er alt dette «Schnee von gestern», som det heiter så fint på tysk – gammalt nytt. Grunntydinga til ordet er å klistre seg saman, og klister er jo òg noko mange forbind med snø.

Snøen har visst komme og gått til alle tider og overalt der dei indogermanske stammene har vandra, heilt til nokre av dei hamna her oppe i nord. Snøen har sikkert opplevd den eine eller andre klimakatastrofen òg. Men han er no her – og kjem igjen og igjen kvart einaste år. Og han er meir eller mindre like kvit overalt – akkurat som ordet snø er meir eller mindre det same i dei andre germanske språka.

Når det er sagt, så er nok det finaste diktet om «snø» likevel skrive av ein norsk nordmann frå Noreg. Det må vere Olav H. Hauge sine vakre ord frå 1951: Rjupa einast kunde trø i den kvite skire snø! Blå var dagen. Bjørki ute risa rim på himlens rute. Rjupa einast kunde trø i den kvite skire snø!

JENS HAUGAN

Barn på S

Mange skolebarn skolesekken bidr av fremtidens Sto

47 elever på Storl

- Lekebyttemar
- Konserter, for
- Park, blomste
- Lekeplass og
- Street art, teg
- Skøytebane, f
- Ski, sykkelkor
- Ballbinge og
- Aktivitetsdag
- Kafe, shopping

Veldig mye av v
torg som kan kor
at barnas stemm
Lek og aktiviteter

AUDUN JENSEN

Lærer og Hamarpatri

Nynorsk takk

Det er viktigare gong å sikre m integrering og ei skap i kom Mållaget er op borna skal språkmangfaldet barnehagen. C hausten har barnehagekamp slagordet "Gjen verda stor". Mer berre borna som kjende med språkmangfald. I ikkje norsk før i når dei kjem til N te gong.

Folkevalde og t munane kan gjet integreringsarbe språkoppleringa munane tilbyr. D innvandarane si ein basiskunnsk Men det er også forståer dei flotte, fine dialektane

Hamars kjøp av kunst

"Det kan da vel ikke være slik at det er gjort bestilling av en utsmykning til flere titalls millioner av byens ansvarlige,

"happening", - alle skal med. Hvilken garanti for god kunstnerisk kvalitet får byen vår, når amatører - som de sikkert vil

levret en eneste håndfast utsmykningdetalj. På godt norsk synes det faktisk som at Hamar kommune har "kjøpt katta i